

MOTTATT

07 MAI 2012



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010  
0030 Oslo

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
201203671-1/822/HJEL

Bergen, 02. mai 2012

## **Nasjonal transportplan Transportplan 2014-2023 og Høgfartsutgreiinga – Uttale frå Forum Nye Bergensbanen**

Det vert vist til høyringsbrev av 1. mars 2012 til fylkeskommunane og kommunane Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger.

Forum Nye Bergensbanen (FNB) vil med dette gje følgjande uttale til forslaget til Nasjonal Transportplan 2014-2023 og Høgfartsutgreiinga:

### **Hovudpunkt**

**Høgfartsutgreiinga er klargjerande for den framtidige satsinga på jernbaneutbygginga i landet. Med den som grunnlag meiner FNB at Bergensbanen må utviklast med utgangspunkt i konsept B, d.v.s. ei meir offensiv vidareutvikling av eksisterande infrastruktur. Dette kan gjennomførast til vesentleg lågare kostnader enn å byggja ny høgfartsbane.**

**Nødvendige tiltak er bygging av Ringeriksbanen, oppgradering/delvis nybygging av linja Bergen-Voss og tilpassings- eller utbetringstiltak mellom Hønefoss og Voss. Ringeriksbanen er vidare eit tydeleg avgrensa prosjekt som kan gjennomførast med alternativ organisering og finansiering.**

**FNB er sterkt uroa for at vidare utvikling og modernisering av Bergensbanen vil stogga opp dersom ikkje rammene som ligg inne i den framlagde transportplanen vert auka kraftig. Særleg når det gjeld Ringeriksbanen er etatsforslaget i realiteten status quo. FNB ber på det sterkaste om at det no vert prioritert nødvendige midlar for å få Ringeriksbanen ut av den bakevja dette prosjektet har vore i 20 år.**

### **Uttale**

Etter mange år med uvisse om det skal satsast på jernbanen som ein viktig og framtidretta transportberar i landet vårt, inneheld den framlagde transportplanen etter FNB si vurdering signal som gjev von om betre tider for jernbanen. Ikkje minst Høgfartsutgreiinga er eit viktig underlag for jernbanesatsinga framover, er klargjerande for kva FNB meiner bør vera realistisk jernbanepolitikk i åra som kjem.

I høgfartsutgreiinga er det vurdert fire alternative handlingsalternativ/utviklingsretningar:

- A. Vidareføring av dagens jernbanepolitikk og investeringstakt
- B. Ei offensiv utvikling av jernbanenettet, men at linjer definert som høgfartslinjer ikkje skal utviklast
- C. Høgfartskonsept med køyrefart inntil 250 km/t
- D. Høgfartskonsept med køyrefart inntil 300 km/t

Med ein strategi som legg alternativ B til grunn vil køyretida på eksisterende bane via Drammen bli redusert med ca. 20% til ca 5 timer og 10 min. Dette vil kosta ca. 35 mrd kr og det er berekna ca 170 000 nye passasjerar mellom Hønefoss og Bergen. Køyretida Bergen-Oslo vil bli ytterlegare 55 min kortare, d.v.s. 4 timer og 15 min med ny Ringeriksbane mellom Hønefoss og Oslo. Det er ikkje gjort berekningar på effekten av dette i høgfartsutgreiinga, men TØI har i rapport 1096/2010 estimert potensialet til ca. 700 000 nye passasjerar mellom Hønefoss og Oslo. Høgfartsutgreiinga konkluderer med at ei slik utvikling for strekninga Oslo-Bergen er svært interessant som alternativ til ein "reindyrka" høgfartsbane

Utvikling av Bergensbanen på grunnlag av ein strategi med utgangspunkt i konsept B vil kunna gjennomførast til vesentleg lågare kostnader enn å byggja ein ny høgfartsbane. Nødvendige tiltak er bygging av Ringeriksbanen, oppgradering/delvis nybygging av linja Bergen-Voss og tilpassings- eller utbetringstiltak mellom Hønefoss og Voss. Ringeriksbanen er vidare eit tydeleg avgrensa prosjekt som kan gjennomførast med alternativ organisering og finansiering.

Dagens Bergensbane har m.a.o. eit stort utviklingspotensiale for å ta langt fleire passasjerar og større godsmengder enn slik situasjonen er i dag. Etter FNB sitt syn vil oppgradering og modernisering av Bergensbanen vil ikkje berre føra til vekst i passasjeretalet Bergen-Oslo, men vel så viktig leggja til rette for ein vesentleg vekst i undervegtransporten, særleg mellom Oslo og Ringerike/Hallingdal og mellom Bergen og Voss. For godstransporten sin del vil større kapasitet i linjenettet leggja til rette for at langt meir gods kan overførast frå veg til bane.


FNB er glade for at dobbeltspor Bergen-Arna ligg inne i planteknisk ramme og legg til grunn at oppstart av prosjektet skjer så snart råd er. Forumet gir også sin fulle tilslutning til den utgreiinga (KVU) som no skal setjast i gang på strekninga Voss-Bergen og føreset at IC-konseptet vert utgreidd på lik linje med andre alternativ.

Som ledd i avklaring av Bergensbanen sitt potensiale tilrår transportetatane å starta utgreiing og planarbeid for Ringeriksbanen m.a. med utgangspunkt i det materiale som er utarbeidd av høgfartsprosjektet. FNB ber om at Samferdselsdepartementet frikoblar planframdrifta for E16 Skaret-Hønefoss frå ferdigstilling av ekstern kvalitetssikring av KVU Ringeriksbanen for å sikra god framdrift i begge desse to viktige samferdselstiltaka. Samstundes ber forumet om at departementet i samarbeid med Jernbaneverket og andre sentrale partar set i gang arbeidet med å planleggja Ringeriksbanen som eit pilotprosjekt for utbygging med alternativ organisering og finansiering for byggjearbeid i NTP-perioden 2014-2023.

I etatsforslaget er det berre dobbeltspor mellom Arna-Bergen som ligg inne i planteknisk ramme. I ramma på +20% er det prioritert midlar til kapasitetsaukande tiltak på dagens terminal på Nygårdstangen i tillegg til prioritering av banestraum og bygging av nytt kryssingsspor Vieren/Upsete. Det er først innanfor ramma på +45% at det er prioritert midlar til vidare utgreiing og planlegging av Ringeriksbanen.

•  
• Forum Nye Bergensbanen er sterkt uroa for at vidare utvikling og modernisering av Bergensbanen vil stogga opp dersom ikkje rammene som ligg inne i den framlagde transportplanen vert auka kraftig. Særleg når det gjeld Ringeriksbanen er etatsforslaget i realiteten status quo. FNB ber på det sterkaste om at det no vert prioritert nødvendige midlar for å få Ringeriksbanen ut av den bakevja dette prosjektet har vore i 20 år.

Med helsing



Mona H. Hellesnes  
leiar FNB

#### Fakta

Forum Nye Bergensbanen (FNB) vart oppretta 13. mai 1993. Medlemer er 13 kommunar langs banen mellom Oslo og Bergen saman med fylkeskommunane Hordaland, Buskerud og Akerhus. FNB har som formål å arbeida for nasjonal satsing på jernbane, arbeida aktivt for å vidareutvikla Bergensbanen og for å få realisert Ringeriksbanen som vart vedteke på Stortinget 18. juni 1992.

Kopi: Jernbaneverket  
Kommunar og fylkeskommunar i FNB  
Oslo kommune